

Til:

Styret i Helse Midt-Norge
Administrerende direktør i Helse Midt-Norge
Helse- og omsorgsministeren

Kopi til:

Mørebenken
Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget
Styret i Helse Møre og Romsdal
Administrerende direktør i Helse Møre og Romsdal

Møre og Romsdal, 11. juni 2026

No må Helse Midt-Norge ta ansvar for heile regionen

Situasjonen i Helse Møre og Romsdal er så alvorleg at vi ikkje lenger kan omtale dette som ordinær omstilling. Det som no blir vurdert er ei økonomisk styrt nedbygging av helsetilbodet i fylket.

Ordførarane og fylkesordføraren i Møre og Romsdal ber Helse Midt-Norge (HMN) og helseministeren om å ta reelt ansvar for den økonomiske situasjonen i Helse Møre og Romsdal (HMR) og dei følgjene den har for spesialisthelsetilbodet i fylket.

Ein står no ved eit vegskilje for eit heilt fylke sin rett til trygge, forsvarlege og likeverdige spesialisthelsetenester.

Viss HMN og helseministeren framleis meiner at dette kan handterast innanfor dagens rammer, må dei òg svare på kva ord som forsvarlegheit og likeverd betyr i praksis. For oss som bur i fylket betyr dette heilt konkrete ting: Kor langt er det til hjelp når det hastar? Finst fagmiljøa der når du treng dei? Har sjukehusa kapasitet til å ta imot deg? Blir oppgåvene flytta til kommunane utan at kommunane har ressursar til å bere dei?

Dette er ikkje abstrakte taløvingar eller strukturspørsmål. Konkrete kutt har konkrete konsekvensar.

Den førebelse hjelpa frå Helse Midt-Norge er ikkje ei løysing

HMN har vedteke å gi HMR 275 millionar kroner over fem år. Det er positivt at HMN erkjenner at føretaket treng særskilt støtte.

Men dette er nettopp det, ei erkjenning - ikkje ei reell løysing.

Støtta endrar ikkje dei grunnleggande økonomiske rammevilkåra. Ho fjernar ikkje kravet om umiddelbare og irreversible grep. Vi meiner difor at HMN må kome tilbake med ei vesentleg sterkare støtte før irreversible kutt blir sette i verk.

Dette er ikkje ei sjølvforskyldt lokal krise

HMR har ikkje hamna i denne situasjonen fordi sjukehusa i fylket driv uforsvarleg eller ineffektivt. Tvert imot er det peika på at sjukehusa i fylket allereie driv effektivt.

Problemet er at føretaket over tid har fått ei økonomisk belastning det ikkje har hatt rammer til å bere. Store investeringar, auka lånekostnader, avskrivningar, IKT-kostnader og regionale fordelingsmekanisar har samla sett pressa HMR i ein økonomisk situasjon der kutt i pasienttilbodet no blir framstilt som einaste realistiske vegen.

Eit konkret døme på påtvungne tiltak er innparingsforslaga i dei prehospitale tenestene. Dei tre regionråda i fylket har nyleg peika på at HMR ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å gjennomføre fleire av dei føreslåtte tiltaka. Vi har åtvvara mot at redusert kapasitet kan svekkje den samla akuttmedisinske beredskapen i eit fylke prega av lange avstandar, øysamfunn, fjordkryssingar og krevjande vêrforhold.

Når ein ser på dei samla potensielle konsekvensane av dei omfattande kutta som no blir vurderte i andre delar av spesialisthelsetenesta, aukar risikoen ytterlegare.

Dersom HMN meiner at HMR skal gjennomføre irreversible kutt i fagmiljø, kapasitet og beredskap, samstundes som fordelingsmodellen og rammevilkåra blir utfordra frå stadig fleire hald, bør det først dokumenterast at problemet faktisk ligg i HMR si drift – og ikkje i rammene føretaket er gitt.

Når økonomiske rammer over tid fører til svekka fagmiljø, dårlegare rekruttering, større pasientstraumar ut av fylket og meir sentralisering, er ikkje dette berre eit lokalt driftsproblem. Då er det eit regionalt og nasjonalt styringsproblem.

HMR treng tid, handlingsrom og sterkare økonomisk støtte for å gjennomføre nødvendige endringar på ein fagleg forsvarleg måte. Å byggje opp rett kompetanse, rekruttere til kritiske fagområde og tilpasse tenestetilbodet tek tid. Dagens økonomiske rammer gir ikkje rom for dette.

Kommunane kan ikkje bere konsekvensane åleine

Kommunane i fylket har over fleire år sett konsekvensane av presset i spesialisthelsetenesta.

Dette skjer oftast utan kommunal involvering og utan politisk avklaring, økonomisk kompensasjon eller tilstrekkelege faglege ressursar til å ta over desse oppgåvene.

Dersom HMR blir pressa til å byggje ned kapasitet og fagmiljø, vil det svekke heile den samla helsetenesta i fylket.

Det som blir spart i spesialisthelsetenesta, er ikkje behov som forsvinn. Rekninga hamner i staden hos kommunane, fastlegane, familiare og pasientane.

Dette handlar om overordna ansvar, ikkje detaljstyring

Vi ber ikkje HMN eller helseministeren om å detaljstyre føretaket.

Men det er ikkje detaljstyring å sikre at føretaket har rammar som sikrar innbyggjarane i Møre og Romsdal eit likeverdig spesialisthelsetenestetilbod. Det er ikkje detaljstyring å stille krav om at økonomiske omstillingar ikkje skal føre til uforsvarleg svekking av beredskap, pasienttryggleik og nødvendige sjukehusfunksjonar. Det er ikkje detaljstyring å krevje at HMN tek ansvar når det blir reist alvorlege spørsmål om dagens finansieringsmekanismer og om fordelingsmodellen gir HMR tilstrekkelege rammer til å løyse oppdraget sitt.

Dette er eigarstyring og det er eit ansvar som ligg til dei som er gitt tilliten.

Vi forventar at styremøtet i Ålesund 18. juni ikkje blir eit møte der HMN berre forklarar kvifor situasjonen er vanskeleg, men eit møte der HMN viser at det regionale helseføretaket faktisk tek ansvar for *heile* regionen.

Det må innebære:

1. Ei vesentleg sterkare økonomisk støtte til HMR enn det som ligg i dagens plan.
2. At ein større del av støtta kjem så tidleg som mogleg i 2026, slik at ein kan hindre irreversible kutt i pasienttilbod, beredskap og fagmiljø.
3. At krav til omstilling blir sett på på nytt, slik at dei står i forhold til befolkningsgrunnlag, geografi, beredskap, aktivitet og reell gjennomføringsevne.
4. At nødvendige funksjonar ikkje blir bygde ned før konsekvensane for pasienttilbod, kommunar, rekruttering og beredskap er fullt utgreidd.
5. At Helseplattformen, IKT-kostnader, renter, avskrivningar og investeringsbelastning blir handterte på ein måte som ikkje pressar fram kutt i pasienttilbodet.
6. At den varsla revisjonen av inntektsfordelingsmodellen og dei økonomiske mekanismane i HMN legg særleg vekt på om modellen sikrar likeverdige helsetenester i heile regionen.

Vi ber helseministeren om å ta eit direkte ansvar for å følgje opp at dette skjer.

No må nokon ta ansvar før skaden blir varig

Når fagmiljø først blir bygde ned, er dei vanskelege å byggje opp att. Når rekrutteringa først sviktar, tek det år å reparere. Når pasientstraumar først blir flytta ut av fylket, blir økonomien og fagmiljøa endå meir svekte. Ingenting av dette kan reparerast med eit nytt styrevedtak året etter.

Det er dette vi meiner når vi åtvarar mot irreversible kutt.

Innbyggjarane i Møre og Romsdal har krav på eit sjukehusstilbod som er trygt, forsvarleg og likeverdig med resten av landet. Dersom HMN meiner dette vil vere tilfelle gjennom dei kutta som no ligg på bordet, må det regionale helseføretaket dokumentere dette.

Dersom ikkje, må styret i HMN handle før skadane blir irreversible.

På vegner av innbyggjarane i Møre og Romsdal krev vi løysingar som sikrar likeverdige helsetenester i praksis – ikkje berre formuleringar om likeverd.

Signert av ordførarane og fylkesordføraren i Møre og Romsdal:

Anders Riise, fylkesordførar

Ingrid Ovidie Rangønes, ordførar i Averøy

Helge Kjøll jr., ordførar i Aukra

Hanne-Berit Brekken, ordførar i Aure

Terese Jemtegård Moen, ordførar i Fjord

Kenneth Langvatn, ordførar i Giske

Knut Sjømæling, ordførar i Gjemnes

Vebjørn Krogsæter, ordførar i Haram

Bernt Brandal, ordførar i Hareid

Ann-Kathrin Storøy, ordførar i Herøy

Nils Christian Harnes, ordførar i Hustadvika

Kjell Neergaard, ordførar i Kristiansund

Trygve Grydeland, ordførar i Molde

Yvonne Wold, ordførar i Rauma

Dag Vaagen, ordførar i Sande

Svein Roksvåg, ordførar i Smøla

Einar Arve Nordang, ordførar i Stranda

Turid Humlen, ordførar i Sula

Ståle Refstie, ordførar i Sunndal

Hugo Pedersen, ordførar i Surnadal

Olav Harald Ulstein, ordførar i Sykkylven

Ingrid Waagen Rimstad, ordførar i Tingvoll

Stian Skorgen Scheide, ordførar i Ulstein

Paul Sindre Vedeld, ordførar i Vanylven

Randi Bergundhaugen, ordførar i Vestnes

Sølvi Dimmen, ordførar i Volda

Per Are Sørheim, ordførar i Ørsta

Håkon Lykkebø Strand, ordførar i Ålesund